

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 22.09.2020
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering pkt. 3
Innføring av produksjonsstøttesystem i Helse Vest – endra
føresetnader**

ARKIVSAK: 2020/204
STYRESAK: 27/20

STYREMØTE: 29.09.2020

Oppsummering

Cytodose skal erstattast av ny kjemoterapiløysing i Meona og som er integrert med produksjonsstøttesystem i apoteka. Risikoanalyser og hendingar har identifisert behov for å prioritera arbeid med å sikra innføring av ny løysing som kan erstatta versjonen av Cytodose som ein har i dag. Saka beskriv utgreiing av om systemet PCMS-klinikk, frå leverandøren Wellsky, kan erstatta Cytodose på kort og mellomlang sikt. Styringsgruppene i prosjekta KULE og PCMS (Produksjonsstøttesystem for legemidler i Helse Vest) er bede om å samarbeide med mål om å utarbeida nødvendig kunnskapsgrunnlag.

Fakta

Cytodose er noverande elektronisk løysing for ordinering og tinging av kjemoterapi i alle helseføretaka i Helse Vest. Løysinga fungerer ved at legen rekvirerer kur, apotekmodulen generer arbeidsetel og etikett når kuren er godkjend av lege. Sjukepleiar, som administrerer legemiddelet til pasienten, arbeider papirbasert. Risikoanalyser av Cytodose utført i 2018 (tinga av systemeigarar) og i 2020 (tinga av KULE-prosjektet) samt alvorlege uønska hendingar, peikar på utfordringar som gjeld kvalitet, informasjonssikkerheit og brukarvenlegheit i klinikk og apotek. Ein har funne at det er behov for å utgreia mogelegheit for raskare innføring av ei løysing som kan erstatta Cytodose med utgangspunkt i utviding av anskaffing av produkt i PCMS-prosjektet til og å omfatta klinikk. Vurderinga er forankra i Strategisk styringsorgan i Helse Vest (SSO) og styringsgrupper for PCMS og KULE, og dialog med adm.direktør i Helse Vest IKT og fagdirektør i Helse Bergen.

PCMS-prosjektet har skaffa løysinga CMS (Chemotherapy Management System) for apoteka og arbeider med innføring av løysinga der integrasjon med framtidig kjemoterapimodul i Meona er eit viktig element, og føreset iverksetjing av drift. Tidspunkt for innføring av CMS avheng av tidspunkt for innføring av Meona kjemoterapi.

Det er gjort ei rettsleg avklaring på anskaffing og forhandla fram pris for utviding av kontrakt som allereie er aktivert gjennom kjøp av apotekmodul CMS og kjøp av klinikkmodulen av CMS.

Kostnadsoversikt:

- Kjøp av system 1.715 mNOK¹.
- Årleg vedlikehald 0,309 mNOK

Delprosjektet kliniske prosessar KULE har som del av målbilde å utvikla funksjonar og integrert kurveløysing for kjemoterapi. Arbeidet er knytta til PCMS-prosjektet, som arbeider med innføring av system for handtering av kjemoterapi i apoteka.

Regionalt porteføljestyre behandlet saka 07.09.2020 med følgjande vedtak, med presisering om behov for forankring i klinikken:

1. *Porteføljestyret slutter seg til behov for å forberede innføring av løysing som kan erstatte dagens versjon av Cytodose med CMS-klinikk.*
2. *Adm dir Helse Vest IKT gis etter vurdering av prosjektenes arbeid fullmakt til å gjøre avrop på kontrakt for innkjøp av CMS-klinikk innen frist den 30.9.20.*
3. *Porteføljestyret tar endelig beslutning om innføring av CMS-klinikk og plassering i porteføljen i porteføljestyremøte den 19.10.20.*

Styringsgruppene i prosjekta KULE og PCMS (Produksjonsstøttesystem for legemidler i Helse Vest) er bede om å samarbeide med mål om å utarbeida nødvendig kunnskapsgrunnlag. Arbeidet har kome godt i gong og det er gjennomført møter med Helse Sør Øst for å henta erfaringar derifrå.

Kommentar

Arbeidet med innføring av en integrert løysing for kjemoterapi i klinikk og i apotek avheng av etablering av ei regional forvaltning på kjemoterapiområdet, som mellom anna skal sikre samordning av kurdefinisjonar. Første steg i etablering av regional fagforvaltning for kjemoterapi blei vedteken i regionalt AD-møte i juni 2020.

Ved innføring av eit nytt system er det avgjerande å sikra tilstrekkeleg forankring i klinikkar som brukar Cytodose i dag. Her tenkjer ein å nytta fagdirektørinja i Helse Vest og fagnettverk for kjemoterapi som skal etablerast. Ein må og få inn erfaringar frå brukarar (brukarundersøking) frå Helse Sør-Øst, som har tatt i bruk CMS i klinikk.

Tidspunkt for overgang til nytt system, utfasing av Cytodose og innføring av nytt system er viktige faktorar for å redusera risiko for dei risikomomenta som er identifiserte ved bruk av system som nyttast i dag. Ein tar sikte på å gjennomføra arbeid med CMS klinikk og Meona kjemoterapi i sekvens (fyrst innføring av CMS-klinikk, deretter utvikling av kjemoterapimodulen

¹ 50 percent of total software payable on installation of WellSky Chemotherapy software,
50 percent of total software payable on Go-live of WellSky Chemotherapy software

i Meona). Tidsramme for dette arbeidet, ressurar som er tilgjenge og kapasitet i prosjekta talar ikkje for parallell aktivitet.